

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 141/2006

av 8. desember 2006

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 105/2006 av 22. september 2006⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2005/748/EF av 24. oktober 2005 om endring av vedtak 2002/300/EF med omsyn til dei områda som er utelatne frå lista over godkjende soner med omsyn til *Bonamia ostreae* og/eller *Marteilia refringens*⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2005/770/EF av 3. november 2005 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2003/634/EF om godkjenning av program med sikte på å gje soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN)⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2005/813/EF av 15. november 2005 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2002/308/EF om utarbeiding av lister over godkjende soner og godkjende oppdrettsanlegg med omsyn til hemoragisk virusseptikemi (VHS) eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN) eller begge desse fiskesjukdommane⁽⁴⁾ skal takast inn i avtala.
- 5) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

⁽¹⁾ TEU L 333 av 30.11.2006, s. 17, og EØS-tillegget til TEU nr. 60 av 30.11.2006, s. 14.

⁽²⁾ TEU L 280 av 25.10.2005, s. 20.

⁽³⁾ TEU L 291 av 5.11.2005, s. 33.

⁽⁴⁾ TEU L 304 av 23.11.2005, s. 19.

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel I i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 4.2 nr. 65 (kommisjonsvedtak 2002/300/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32005 D 0748**: Kommisjonsvedtak 2005/748/EF av 24. oktober 2005 (EUT L 280 av 25.10.2005, s. 20).”
2. I del 4.2 nr. 66 (kommisjonsvedtak 2002/308/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32005 D 0813**: Kommisjonsvedtak 2005/813/EF av 15. november 2005 (EUT L 304 av 23.11.2005, s. 19).”
3. I del 4.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAs OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL*” i nr. 55 (kommisjonsvedtak 2003/634/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32005 D 0770**: Kommisjonsvedtak 2005/770/EF av 3. november 2005 (EUT L 291 av 5.11.2005, s. 33).”

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2005/748/EF, 2005/770/EF og 2005/813/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 9. desember 2006, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 8. desember 2006

For EØS-komiteen

Oda Helen Sletnes

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.